

Turar frå Stokkadalen i Nedre Vats

1. Tordisnuten (440 m.o.h.) Her er det 2 utgangspunkt:

a. Frå Tjeltveit

b. Frå det gamle skulehuset.

2. Nising – frå det gamle skulehuset

3. Kjort (606 m.o.h.)

1 a. Til Tordisnuten - frå Tjeltveit:

(Dette er den kortaste og raskaste turen opp)

Ta av ved Knapphus og inn på Rv. 46 mot Nedre Vats. Følg vegen 5 km ned til Kårhuskrysset der du svingar til høgre - kjør vidare 2,3 km ned til Åmsosen. Like før du kjem til Hatteland på kaien, må du ta av til venste, sjå skilt til Stokkadalen.

Kjør 3 km frå Åmsosen mot Stokkadalen til bakketopp like ovanfor Tjeltveit v/Tveitå.

Her står **TURSTI-** og **PARKERINGSSKILT** + skilt til **TORDISNUTEN**.

Ta av til høgre ved bakketoppen og du finn P-plassen 200 m oppe på vegen + infotavle.

Start: Stien startar ved info.tavla v/P-plassen og går oppover langs traktorveg eit stykke.

Parkering: Ja – god parkeringsplass v/**Sommarhuset** hos grunneigar Olav Tjeltveit.

Avstand: 1,7 km opp til varden.

Tidsbruk: Litt over 1 time å gå opp til varden ved vanleg gange og småpausar.

Vanskegrad: Blå tur – familietur, men har nokre bratte parti oppover.

Terreng: God skogsveg eit stykke oppover. Ta av til venstre v/**Skiljehaugane** der stien slynger seg oppover. Ved **Brekka** går du gjennom bjørkeskog og litt blanda vegetasjon.

Opplysningar: Stien er godt rydda og merka og skilta.

På vegen oppover er det god utsikt over store deler av Nedre Vats og innover Stokkadalen. Før du kjem opp til toppen ved eit fint utsiktspunkt, står det ein liten varde med ein turkasse med bok i som speiderane har sett opp. Skriv deg inn i boka og bli med i **Nutafantkonkurransen**.

Her kan du ta valget om du vil gå nedatt same vegen til Tjeltveit eller om du vil **fortsetja og gå 150 m opp til toppen og følgja stien vidare ned til det gamle skulehuset i Stokkadalen**.

Turstien er rydda, merka og skilta. Det går om lag 2,5 timar på denne rundturen.

Når du er komen ned til det gamle skulehuset, må du gå 1,5 km på bilvegen ned til parkeringsplassen ved Tjeltveit dersom du sette bilen frå deg der. Fin rundtur.

Fottøy: Fjellsko.

God tur.

Til Tordisnuten og Nising - frå det gamle skulehuset.

Ta av ved Knapphus og inn på Rv. 46 mot Nedre Vats. Følg vegen 5 km ned til Kårhuskrysset der du svingar til høgre – kjør vidare 2,3 km ned til Åmsosen. Like før du kjem til Hatteland på kaien, må du ta av til venste, sjå skilt.
Kjør 4,5 km frå Åmsosen inn Stokkadalen – då kjem du kjem til det gamleskulehuset i Stokkadalen. Skilta P – plass like ovanfor skulehuset hos grunneigar Harald Selsås.

1.B. Tur til Tordisnuten

Start: Turen startar ved traktorveg like nedanfor det gamle skulehuset i Stokkadalen.

Parkering: Ja – like ovanfor skulehuset har grunneigar Harald Selsås laga ein god parkeringsplass.

Avstand: 2,5 km opp til toppen.

Tidsbruk: Om lag 1t og 45 min å gå med vanleg gange m/småpausar opp til toppen..

Vanskegrad: Blå/raud tur – nokre bratte parti på skogsvegen.

Terreng: Du går på ein skogsveg som slynger seg oppover i lia i blandingsskog før du tar av og går vidare på ein rydda og merka sti i lett terreng gjennom buskar og tre opp til toppen.

Opplysningar: Skogsvegen er god å følgja oppover. Du vil sjå nokre namneskilt langs vegen – t.d. Longabrekka og Trollsvingane. Desse namna har sine historiar.

Der du tek av frå skogsvegen, er det merka med skilt til Tordisnuten. Ved dette vegskiljet står også eit skilt som viser **vegen/stien vidare til Nising**.

På Tordisnuten er det fin utsikt i alle retningar.

Eit lite stykke nedanfor varden - om lag 150 m - frå toppen mot Nedre

Vats/Tjeltveit, har speiderane sett opp ein liten varde og turkasse med turbok i.

Skriv deg inn i boka og bli med på Nutafantkonkurransen.

Når du har slappa av og ete nista di, må du ta valget om du vil gå nedatt same vegen til det gamle skulehuset der du starta, **eller gå ned til Tjeltveit og koma ned til**

parkeingsplassen v/Tjeltveit og bilvegen der. Stien ned til Tjeltveit er rydda, merka og skilta. Har du bilen ved gamleskulen, er det om lag 1,5 km. å gå opp til P-plassen ved gamleskulen.

Fottøy: Gode tette sko – helst fjellsko. God tur.

Segna om TORDISNUTEN – kvifor dette namnet?

Då Svartedauden herja i Noreg, kom sjuka òg til Stokkadalen i Vats. Dei døydde i alle gardane, så nær som ei jente. Namnet hennar var Tordis. Etter ei tid tok ho seg fram mot fjelldraget på vestre sida av vatnet for å sjå om det kunne vera liv i andre grender rundt fjordane. Ho reika rundt på dei høgaste brynene i sør og vest. Berre frå ei stove steig det opp røyk, det var på Raunes på nordvestsida av fjorden. Ho tok seg ned til fjorden på Stokkasida, fekk ropa over, og den eine attlevande der rodde over. Dette var ein ung gut, og dei to slo seg saman og flytta til Stokkadalen.

Frå desse to ættar alle på Stokkadalen i dag. Nuten ho tok seg opp på, vart kalla Tordisnuten, og ber det namnet den dag i dag. Og det seiest at i alle ættledar har kvinnenamnet Tordis vore halde oppe, og det like til den dag i dag.

2. Tur til Nising.

Start: På traktorveg like nedanfor det gamle skulehuset.

Parkering: God parkeringsplass like ovanfor det gamle skulehuset.

Avstand: Om lag 4 km fram til Nising ein veg.

Vanskegrad: Raud tur - krevande familietur.

Terreng: Bratt traktorveg vel 2 km oppover lia og så flatt/kupert gjennom lauvskog og litt myr eit stykke før stien går bratt og kronglete nedover ei skogkledd steinut li til Nising.

Opplysningar: Nising ligg nede ved sjøen – ved Yrkesfjorden. Her har det vore fastbuande familiar i mange generasjonar, men i dag er dette ein fråflytta plass. I dag blir husa brukte som hytte/fritidsbustad for etterkommerar av tidlegare eigarar.

3. Til Kjort (606 m.o.h.)

Ta av ved Knapphus og inn på Rv. 46 mot Nedre Vats. Følg vegen 5 km ned til Kårhuskrysset der du svingar til høgre - kjør vidare 2,3 km ned til Åmsosen. Like før du kjem til Hatteland på kaien, må du ta av til venste, sjå skilt.

Kjør vidare 6,3 km innover Stokkadalen til du kjem til ein inngjerda og skilta P – plass godt tilrettelagt hos Halvard Stokkedal.

Her finn du info.tavle med opplysningar og skilta veg til Kjort. Traktorveg langt oppover – til Koltveitskaret. Frå Koltveitskaret går du inn på ein merka og rydda sti til toppen.

Panoramautsikt på toppen.

Sjå info om sjølve turen på info.tavla.

Start: På traktorveg som går opp til husa hos Halvard Stokkedal og vidare oppover lia. Sjå skilt.

Parkeingsplass: Ja, godt tilrettelagt plass hos Halvard Stokkedal og m/info.tavle om turar i Vats.

Avstand: 4 km å gå frå P-plassen og opp til toppen.

Tidsbruk: Om lag 1,5 t å gå opp til toppen m/småpausar.

Vanskegrad: Blå tur – familietur, men noko tung for dei minste.

Terreng: Skogsveg til Koltveitskaret med ein del bratte parti, men vidare opp er stien god og forholdsvis lett å gå.

Opplysningar: Frå parkeringsplassen er det skilta veg som går mellom husa til

Halvard Stokkedal. Her går du inn på traktorvegen oppover – følg denne til endes til Koltveitskaret. Langs vegen er det sett opp fleire gjerdeklyvarar. Du vil også sjå nokre namneskilt som er sette opp langs vegen. (I gamle dagar var svært viktig å ha namn på mange stader i utmarka når ein skulle seia kor ein skulle henta dyr m.m.)

Frå Koltveitskaret ser du merkepinnane langs stien til toppen.

Oppe på Kjort, 606 m o. h., er det flott utsikt over store deler av Haugalandet.

Fottøy: Helst fjellsko.

God tur.

Fiske og fritid i Stokkadalsvatnet.

Gratis fiske og gratis båtlege i Stokkadalsvatnet hos Halvard Stokkedal.

Vatnet ligg like nedanfor parkeringsplassen – følg traktorvegen ned til vatnet.

Nede ved vatnet er det rydda til ein liten "leirplass" der kven som helst kan slappa av og kosa seg.

Dei som vil ut på vatnet og fiska eller berre ro ein tur, kan låna robåten heilt gratis.

Krav til brukarar av "leirplassen" og lån av båten:

- a. Hald området ryddig.
- b. Kast all søppel i bossdunken.
- c. Legg båten på rett plass etter bruk.
- d. Skade på båten må ordnast eller meldast frå til Halvard Stokkedal.

Ta kontakt med **Halvard Stokkedal** om naudsynt på **Tlf. 95058904**